



# VERKSEMDSPLAN FOR FLATDAL SKULE

2018-2019



Adresse: Flatdal skule, Flatdalsvegen 1135, 3841 Flatdal

Tlf: 35 05 13 60

Konstituert rektor: Anita Skogheim

E-post: [anita.skogheim@seljord.kommune.no](mailto:anita.skogheim@seljord.kommune.no)

Seljord kommune sin heimeside: [www.seljord.kommune.no](http://www.seljord.kommune.no)

## 1. Kva er ein verksemdsplan?

Grunnlaget for ein verksemdsplan er å sikre ein samanheng mellom kommunen sine overordna mål, og dei mål, tiltak og hovudaktivitetar som er prioritert i den enkelte skule. Planen er et arbeidsverktøy for rektor og dei tilsette ved skulen. Den er ein del av Seljord kommune sitt styringssystem og skal saman med det kommunale handlingsprogrammet forankre kommuneplanens fokusområder, strategiar og mål.

Kommuneplanen er styrande for all planlegging i Seljord kommune. Formålet med planen er å vise langsiktige mål og strategiar for utviklinga av Seljord kommune. Eit overordna mål for kommunen er at

*Seljord kommune skal vere ein god stad å bu og ein attraktiv tilflyttingsstad*

*Seljord skal ha trygge og inkluderande lokalsamfunn.*

Verksemdsplanen er ein eittårig plan for den enkelte skule og utgjer saman med den treårige "Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune" plangrunnlaget for grunnskulen.

## 2. Om Flatdal skule

Flatdal skule er ein fådelt skule som ligg fint til under Bindingsnuten.

Skuleåret 2018-2019 har skulen 65 elevar fordelt på 1.-7.trinn. Det er 11 lærarar og 6 assistentar som jobbar i skulen og på SFO. 1 reinhaldar.

1.-4.klasse har fri på torsdagar, medan 5.-7.klasse er på skulen kvar dag. Skulen har felles uteområde for 1.-7.klasse med blant anna ballbinge, klatretårn og jungelløype.

Det er leksehjelp kvar måndag kl. 14.10-15.00. Tilbodet er for alle elevar frå 1.-7.trinn.

### SFO-tilbod

For skuleåret 2018-2019 er det totalt påmeldt 26 elevar. Om morgonen opnar SFO kl.07.30, og det stengjer kl.16.30. På tysdagar, hausthalvåret 2018, har me besøk av idrettsstudentar frå Bø som aktiviserer ungane med mange artige aktivitetar. I år har me også torsdags-SFO. God oppslutning og spanande aktivitetar! Fredagane fram til januar har me ein elev frå Vest-Telemark vidaregåande utplassert i skulen og SFO. På nyåret har me ein annan praksisstudent som skal vere i opplæring fram til sommaren.

Hovudmålet for SFO er:

*Barna skal få ein trygg kvardag med varierende aktivitetar, mykje leik, humor og glede.*

## Arbeid ved skulen

Skulen jobbar aktivt for å ta vare på tradisjonar og lokalt arbeid. Skulen har hatt ein lang tradisjon med musikk- og teaterførestillingar. Kvart 3-4 år har skulen hatt musikalframsyning som alle elevar deltek på. Me tilsette på skulen har blitt samde om å legge musikalen på vent inntil vidare. Me vil halde fram med å ha prosjekt med fokus på: dialekt, bygdene våre og samhandling på tvers av klassene. Til jol er skulen på jolemesse i Flatdal kyrkje etterfylgd av joleavslutning på Samfunnshuset. Skulen har også svært aktive elevar på 3.trinn som er med i korps i skulen. Elevane får prøve ulike instrument, og får opplæring i rytme og noter.

## Visjon for Flatdal skule 2018-2019

*Visjon: Flatdal skule skal vere ein nyskapande skule som har rom for mangfald og ulikskap, og som saman søker kunnskap og læring.*

*Skulen har 6 verdiar som skal vere synleg i det daglege arbeidet:*

- *respekt og inkludering*
- *verdsetting og identitet*
- *forventning og tydelegheit*

## Med dette meiner vi

Flatdal skule skal vere ein trygg og god skule for alle elevar. Kvar elev skal bli møtt av profesjonelle vaksne som har ein evidensbasert praksis og kunnskapsbasert erfaring i møte med eleven. Dei vaksne skal nytte anerkjennande kommunikasjon med tydelege forventningar, og skal støtte og rettleie kvar elev emosjonelt og fagleg.

Alle vaksne skal uttøve autoritativ klasseleing saman med standarden for *den gode undervisningstime* og forankre arbeidet i *prinsippet om tilpassa opplæring*.

Med fokus på konstruktive framovermeldingar i elevsamtalar og utviklingssamtalar skal prinsippet om *vurdering for læring* stå sentralt i vurderingsarbeidet ved skulen.

Gjennom å bruke lokalsamfunnet aktivt i undervisninga skal elevane få ein sterk identitet og tilhøyrse til bygda. Samtidig skal skulen vende seg utover mot verda, og ruste elevane i dei ferdighetane som eleven treng for å vere ein ressurs i framtidens samfunn. Det tyder at elevane skal ha solide ferdigheitar i lesing, skriving, rekning, digitale ferdigheitar og munnlege ferdigheitar.

Elevmedverknad skal vere synleg i det daglege arbeidet. Ved å jobbe aktivt med elevråd og aktivitetsleiingar i *Aktiv 365* skal elevane oppleve at deira meiningar og forslag er viktige for å få til ein nyskapande og inkluderande skule.

### 3. Særskilte satsingsområde for skulen 2018/19

#### 3.1 Kapittel 9a/ inkluderande skule- og barnehagemiljø

Kapittel 9a er å oppfatte som elevane sin arbeidsmiljølov. Alle elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Med dette meiner me dei mellommenneskelege tilhøva på skulen, det fysiske og psykososiale miljøet, og korleis elevar og personale opplever dette. Eit godt og inkluderande læringsmiljø påverkar sosial og fagleg læring, venskap og deltaking i fellesskap, relasjonar til medelevar og vaksne, klasseleiing, normer og reglar, verdiar, forventningar til læring og det fysiske miljøet på skulen.

Dette skuleåret jobbast det med temaet inkluderande barnehage- og skulemiljø i leiargruppa i kommunen, alle lærarane jobbar med temaet i pedmøta og det er eit gjennomgåande tema på teammøta.

Kapittel 9a i Opplæringslova understrekar at det er nulltoleranse mot krenkande opplevingar. Alle tilsette har aktivitetsplikt. Det vil seie: Alle som jobbar på skulen skal fylgje aktivt med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og skal varsle rektor om dei har mistanke om eller kjennskap til ein elev som ikkje har det greitt. Skulen skal så lage ein skriftleg plan for gjennomføring av tiltak. Tiltaka skal gjennomførast, og evaluerast.

Om ikkje skulen gjer jobben sin, etter at saka er tatt opp med rektor, har foreldre rett til å sende inn klage til fylkesmannen.

Flatdal skule har eigne trivselsreglar som alle tilsette må kjenne til og handheve likt. Klassene utformer i tillegg eigne klassereglar for å sikre læring og tryggleik.

#### 3.2 IKT

Som eit tiltak i å sikre at alle elevar i Seljordsskulen tileignar seg gode grunnleggjande ferdigheiter i IKT er skulane inne i eit samarbeid med IKT i utdanning. Personalet brukar IKTplan.no, som er utarbeidd og drifta av IKT i utdanning. Rektorane og dei IT-ansvarlege er ressurspersonar i dette arbeidet, og syter for at arbeidet blir fylgd opp i både læringsøker og saman med elevane. Tema er: søk- og kjeldevurdering, kommunikasjon og samhandling, sosiale media, produksjon og opphavsrett, digital dømmekraft og omvendt undervisning.

[Strategiplan for digitalisering av grunnskulen, vedtatt av Seljord kommunestyre 14.6.2018](#) :

*«Elevane i Seljord grunnskule skal **utvikle digital kompetanse** slik at dei er **rusta for ei digital framtid** der dei skal ta **aktivt del i den teknologiske utviklinga** og **utvikle morgondagens samfunn** til beste for seg sjølv og andre.»*

Undervisningssektoren i Seljord kommune har inngått eit samarbeid med Atea om ei satsing på IKT i barnehage og skule i dei næraste åra. Det blei laga ein strategiplan, som eit samrøystes kommunestyre vedtok den 14.6.2018. Strategiplanen finn du på nettsidene til kommunen.

Kvar elev i Seljordsskulen skal få eigen iPad til bruk i klasserom og til heimearbeid. Kvart klasserom i Flatdal har fått ein Apple-tv, høyretelefonar til alle og styrka nett-tilgang. Lærarar er kursa i bruk av Ipad, og programvara som ligg på IPadane, og me øver oss og deler erfaringar i pedmøta.

I barnehagesektoren brukar dei eit mobilverktøy som heiter My Kid. Det er eit verktøy for enkel og rask kommunikasjon mellom barnehage og føresette. I skulen brukar me f.o.m. denne hausten Mobilskole; eit enkelt sms-system der lærarar og foreldre kan sende kvarandre informasjon, svare på skjema, sende meldingar og registrere fråvær.

### 3.3 **Spesialundervisning og tilpassa opplæring**

Vest-Telemarkskulane er med i "Prosjekt spesialundervisning". Målet med prosjektet er: *Vurdere fagleg utbytte for enkeltelevar med vedtak om spesialundervisning.*

### 3.4 **Fagfornynga**

Korleis kan me bruke fagfolk i arbeidet vårt? Me skal jobbe i faggrupper, kursast, og auke kompetansen vår.

### 3.5 **I tillegg: Ungt entreprenørskap og Liv og røre**

Ungt entreprenørskap skal inspirere unge til å tenkte nytt og skape verdiar. Utvikle kreativiteten til barn og unge, samt skaparglede og trua på seg sjølv. Ein skal også fremme barn og unges samarbeidsevne og evne til å ta ansvar.

Liv og røre i Telemark byggjer på den forskingsbaserte Active Smarter Kids (ASK), ein modell for fysisk aktivitet i fag som eit metodeval og ein variasjon i undervisninga.

I tillegg bygger den på Helsedirektoratets nasjonale faglege retningsliner for mat og måltid i skulen. Haldningsarbeid i samarbeid med tannhelsetenesta og skulehelsetenesta er også ein del av Liv og røre.

## **4. Hovudsatsingsområde for alle kulane:**

### 4.1 **Innhaldet i undervisninga skal samsvare med mål og hovudmoment i læreplanen.**

- Læreplanen skal vere den viktigaste arbeidsreiskapen for det pedagogiske personalet.
- Undervisninga skal vere tufta på verdigrunnlaget i formålsparagrafen til Opplæringsloven.

### 4.2 **Undervisninga må leggast opp etter eit mangfald av arbeidsmåtar.**

- Alle kulane skal stimulere elevane til å utvikle eigne læringsstrategiar, samt auke nysgjerrigheit og lærelyst ved å variere arbeidsmåtane.
- Elevane skal oppleve medverknad, både med omsyn til eigne val og ansvar.

### 4.3 **Den einskilde elev skal få opplæring tilpassa evner og føresetnader.**

- Tilpassa opplæring skal vere eit grunnleggande prinsipp for heile opplæringa.
- Tilpassa opplæring skal bidra til at alle elevane utviklar seg som personar, tileignar seg auka fagleg kunnskap og opplever fellesskap.

#### 4.4 Opplæring i grunnleggjande ferdigheitar.

- Alle skulane i kommunen skal jobbe for å sikre elevane grunnleggjande ferdigheitar i lesing, rekning, skrivning, digitale ferdigheitar og munnlege ferdigheitar.
- Alle lærarar skal vere leselærarar.
- Alle skulane skal vere dysleksivennlege skular.

#### 4.5 Skulen skal ta vare på elevane.


- Alle skulane skal ha ein plan for haldningsskapande arbeid.
- Skulane skal ha særskilte førebyggjande tiltak mot mobbing.
- Skulemiljøet skal leggjast til rette for elevar med ulike funksjonshemningar.

#### 4.6 Fysisk aktivitet og kost.

- Alle elevar ved ungdomsskulen skal få tilbod om skulemat i kantine kvar dag.
- Skulane skal arbeide for at det skal vere sunne kostalternativ ved avslutningar og turar.
- Skulane skal leggje til rette for at elevane får mest mogleg fysisk aktivitet. Fysisk aktivitet skal vere ein del av eleven sin daglege skulegang.

#### 4.7 Vurderingsarbeid.

- Skulane skal arbeide for å realisere prinsippet om *vurdering for læring*.
- Skulane skal gjennomføre prøver på dei ulike årstrinna i samsvar med sentrale og lokale føringar.



#### 4.8 Samarbeid skule og heim.

- Skulen skal vere pådrivar for eit godt og formalisert foreldresamarbeid.
- Skulane må legge opp til minst to utviklingssamtaler og tre FAU-(+SU)møte kvart skuleår.

#### 4.9 Samarbeid mellom skulane.

- Leiarmøte skal vere ein arena som fremjar erfaringsdeling og felles utviklingsarbeid.
- Det skal opprettast faggrupper på tvers av skulane for å styrke det pedagogiske utviklingsarbeidet i kommunen og sikre utviklingsarbeidet innanfor dei grunnleggjande ferdigheitene.
- Skulane skal samarbeide for ei mest mogleg heilskapleg opplæring i kommunen. Ein bør arbeide med felles skuleutviklingstiltak.

#### 4.10 Autoritativ klasseleiing.

- Alle skulane skal ha felles standard for "den gode timen".
- Alle lærarar skal arbeide for å utvikle tydeleg autoritativ klasseleiing med eit balansert forhold mellom elev- og lærarkontroll.

#### 4.11 **Entreprenørskap i skulen.**

- Alle skulane skal arbeide for å ta i bruk entreprenørskap som metode i opplæringa.

#### 4.12 **Skule- og fritidsordninga – SFO.**

- Skulefritidsordninga skal vere eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod til barn i 1. – 4. klasse i Seljord kommune. Verksemda skal vere prega av leik og sosial læring med høve til deltaking i kulturaktivitetar.

### **5. Råd og utval ved Flatdal skule**

#### **Fau- representantar**

Leiar:

- 1.trinn: Randi Merethe Luserer
- 2.trinn: Gunhild Sudgarden
- 3.trinn: Ingunn Furuvald (leiar)
- 4.trinn: Anne Bente Kasland Groven
- 5.trinn: Eldbjørg Haugan
- 6.trinn: Solveig Barstad
- 7.trinn: Gunn Berit Aase

#### **Samarbeidsutvalet:**

Elevrepresentantar: Eirik Barstad Birkrem, Jonatan Skogheim Angre  
Foreldrerepresentantar: Ingunn Furuvald, vara: Anne Bente Kasland Groven  
Representant for personalet: Jorunn Andrea Hegni  
Kommunestyre repr.: Marianne Vadder (SP), vara: Jan Sollid Tveit (H)  
Repr. skulen/kommunen: Anita Skogheim

#### **Elevråd:**

- 4.trinn: Tollef Haugen (Linnea Skori vara)
- 5.trinn: Tom Even Fedelis Haugen (Jarand Valhovd vara)
- 6.trinn: Jonatan Skogheim Angre (Julianne Dyrland vara)
- 7.trinn: Eirik Barstad Birkrem (Abdi Rahin-Ise Mohammed vara)

#### **AKTIV 365:**

Jarand Valhovd, Aslak Haugetuft, Tom Even Fedelis Haugan, Ørjan Bjålid, Øsmon Øverbø Aarbakk og Abdi Rahin-Ise Mohammed.

## 6. Personalliste for Flatdal skule

### **Kontaktlærarar:**

- 1.trinn: Unn kristin G. Jønnardalen
- 2.trinn: Kristin Kusslid
- 3.trinn: Randi Solberg og Silje Jønnardalen
- 4.-5.trinn: Gunhild Flatland
- 6.-7.trinn: Audny Barstad

### **Timelærarar:**

- Jorunn Andrea Hegni
- Åsbjørg Moland
- Katrine Volhovd
- Marita Byggstøyl Dyrland
- Anne Bjåland Barstad  
(Ane Flatland i permisjon)

### **Assistentar i skule og SFO:**

- Lene Brekke
- Hanneke Van Ammers
- Sigbrit G. Valhovd
- Andrea Battaglia
- Anne Rue
- Christina Rue

### **Andre stillingar:**

- Helsesyster: Tove Beate Holte
- Reinhaldar: Jan Wiggo Rudskjær
- Vaktmeister: Geir Olav Berge

## 7. Årskalender for Flatdal skule

### **august:**

- Skulen startar opp
- Friidrettsdag for alle trinn
- Besøke Kunstlåven 4.-7.trinn

### **september:**

- Utdeling av iPad til elevane
- Foreldremøter for alle trinn
- Hausttur til Vasen, Langlim-Åmotsdal



**oktober - november:**

- Frist for utviklingsamtaler
- Møte SU og FAU
- Elevkveld
- Nasjonale prøver for 5.trinn (15.10-02.11)
- Elevundersøkinga

**desember:**

- 5.-7.trinn gjennomfører halvdagsprøver i basisfaga
- Jolevandring til Flatdal kyrkje for 1.klasse
- Førjolsmesse og joleavslutning for heile skulen

**januar:**

- Frist for å gjennomføre elevundersøkinga for 5.-7.trinn

**februar:**

- Innskriving av nye 1.klassingar
- Kartleggingsprøver frå Udir for 1.-3.trinn i norsk, matematikk og engelsk

**mars - april:**

- Frist for foreldremøte og utviklingssamtaler
- Temaveke med eit nytt tema for kvart år for heile skulen
- 7.trinn på leirskule til Risøya veke 18

**mai-juni:**

- 17. mai førebuingar
- 5.-7.trinn gjennomfører halvdagsprøver i basisfaga
- Sommaravslutning for heile skulen

**8. Overgang barnehage – skule**

Rutinar ved overgang barnehage-skulen skal følgje den kommunale planen for samarbeid om overgang frå barnehage til skule/SFO. I Flatdal er det i skuleåret 2018/2019 6 treffpunkt mellom 5-åringane og skulen.

*Flatdal 01.10.2018 ved konstituert rektor Anita Skogheim*